

# Kvinnherad idrettsråd



Uskedalen 10.06.2015

Til Grenda og Kvinnheringen

## Eit løft for idretten i Kvinnherad

**Formannskapet er no godt i gang med å finansiera ein ny fleirbrukshall i Husnes idrettssenter. Politikarane har vist vilje og kreativitet i dette arbeidet og fortener mykje ros for jobben!**

Heilt sidan 1980-talet har det vore jobba med ein samla plan for Husnes idrettssenter, men arbeidet stoppa opp kring 2005. Kvinnherad Idrettsråd har von om at det no vert ny kveik i anleggsutviklinga. Etterslepet er stort og idrettslaga har alt for lenge vore nøydde til sjølv å ta hovudansvar ved prosjektering, utbygging og drift av anlegg kringom i Kvinnherad.

Idrettsrådet merkar seg at formannskapet no viser stor entusiasme på idrettens vegner og at dei ser dette som ein måte å gjere Kvinnherad meir attraktiv for unge. Dette samsvarar godt med Idrettsforbundet sine verdiar, og vi ønskjer denne utviklinga velkomen.

Kommunen vil ikkje få til bygging av ny fleirbrukshall på Husnes utan å investera eigne midlar i prosjektet. Det er difor viktig at kommunen sin eigen plan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv vert lagt til grunn for det vidare arbeidet. I denne planen har nye idrettshallar på Husnes og i Rosendal høg prioritet, og det er føresett at desse prosjekta får eigne postar i kommunen sitt investeringsbudsjett. Idrettsrådet vil difor be leiinga i kommunen om å gjere nettopp dette.

Samstundes må det øyremerkast byggetilskot til ordinære idrettsanlegg, nærmiljøanlegg og friluftslivstiltak i bygdene elles. Dette er skildra i same plan, og det er føreslege ein million kroner årleg som ein høveleg start. Desse midlane vil i tillegg til å tenne dugnadsanda også utløysa tippemidlar.

Mest kvar bygd har «aksjar» i eit idrettslag. I ei tid der det offentlege effektiviserer drifta og sentraliserer tenestene er det viktig at den frivillige sektoren i samfunnet får styrka sine moglegheiter til å utvikla tilbod og møteplassar for innbyggjarane. Difor bør også driftstilskota aukast til ein million årleg. Også dette er ein start, og også dette står i idrettsplanen.

Idrettsrådet veit sjølvsagt godt at kommunen har økonomiske utfordringar og at ein ikkje kan ausa ut pengar i aust og vest. Poenget her er at Kvinnherad har ein vedteken plan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv, og at det er viktig å ta den i bruk. Planen er, som ein av få, faktisk skreddarsydd for å gjera økonomiske prioriteringar, og planen har blitt til gjennom gode demokratiske prosessar.

A handwritten signature in blue ink, reading "Anbjørn Høivik". The signature is fluid and cursive, with the first name and last name clearly distinguishable.

Anbjørn Høivik

leiar i Kvinnherad Idrettsråd